

Kommunedelplan for naturmangfald
Surnadal kommune
2024

Innleiing

Bakgrunn

Naturen gir oss økosystemtenester som mat, trevirke, medisin, reint vatn, rein luft, nedbryting av avfall, pollinering og område for rekreasjon, men den har også ein eigenverdi. Naturen er i tillegg viktig i eit folkehelseperspektiv.

Ifølge komuneplana sin samfunnsdel for perioden 2020 - 2032 er tap av naturmangfold ei av dei største utfordringane vi står ovanfor. Skal vi kunne møte denne utfordringa må vi ta kunnskapsbaserte og bevisste val. I desember 2020 gjorde Surnadal kommunestyre vedtak om å utarbeide kommunedelplan for naturmangfold.

Miljødirektoratet ga i januar 2021 kommunane moglegheit til å söke om tilskot til å utarbeide kommunedelplan for naturmangfold, og Surnadal fekk kr. 125.000 til dette. Grunngjeving for tildeling av tilskotet var:

"Tilskuddet skal gå til å utarbeide en egen kommunedelplan for naturmangfold som et virkemiddel for å sette naturmangfoldet på den lokalpolitiske dagsorden og etablere en lokal forankring og medvirkning i utvelgelsen av viktige naturområder i kommunen. Planen skal være utformet som en tematisk kommunedelplan."

Statens si tildeling av tilskot til utarbeiding av kommunedelplan er forankra i St. Melding. 14 (2015-16) Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold.



Nauståfossen Foto: Janne Bøklepp

Mål

Kommunedelplana skal vere eit verkemiddel for å sette naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden, samt danne lokal forankring og medverknad i utveljing av viktige naturområde i kommunen. Den skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder, skape forutsigbarheit for forvaltninga, grunneigarar og utbyggjarar, og vere ein reiskap for å synleggjere naturmangfald som ressurs.

Målsettingar, strategiar og tiltak vil konkretisere korleis Surnadal kommune skal jobbe med å ta vare på naturmangfaldet. Planen skal vektleggast ved utarbeiding og oppfølging av øvrig planverk, samt innan saksbehandling og kommunal drift. Planen er tverrsektoriell og vil gjelde for alle kommunale einingar og tenesteområde. Planen vil særleg vere viktig ved kommande rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Planen er ikkje juridisk bindande, men retningsgivande for kommunen.

Prosess - organisering og medverknad

Planprosessen

Planprosessen er gjennomført i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

Varsel om oppstart av arbeidet var gjort samtidig med at planprogrammet vart sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Melding om oppstart av planarbeidet og planprogrammet var gjort tilgjengeleg gjennom Facebook og på Trollheimsporten.

Aktuelle interesseorganisasjonar og enkeltpersonar med fagkunnskap har fått eit særskilt varsel om planarbeidet.

Hovedutval for tenesteutvikling vedtok i møte **8. februar 2024** sak 2/24 å legge forslag til kommunedelplan ut til offentleg ettersyn, samt sende plana på høyring. Høyningsperioden er sett til 6 veker.

Organisering

Eining for Areal- og naturforvaltning har hatt ansvar for utarbeiding av planen. Administrativ arbeidsgruppe har bestått av:

Elin Lysø Moen (jordbruk), Tore Gjul (skogbruk), Staffan Sandberg (miljøvern) og Håvard Stensønes (plan). Hovudutval for Miljø, Areal og Teknikk (MAT) har vore styringsgruppe for planarbeidet.

Medverknad

Ein viktig del i planarbeidet var å informere om naturmangfald, skape ei bevisstgjering på kva naturmangfald er, og kvifor det er viktig å ta vare på naturmangfald. Det vart laga ein plan for medverknad for å sikre at flest mogleg av kommunen sine innbyggjarar vart involvert i arbeidet. Det vart laga ei spørjeundersøking og det vart arrangert temakveld om naturmangfald i biblioteket. Naturmangfald var tema på Kløverstukveld for landbruksnæringa i mars 2023.

Barn og unge

8. trinn ved ungdomsskulen i Surnadal besøkte Bærekraftsenteret for arealforvaltning og naturmangfold på Tingvoll 8. juni 2022, for ein temadag om naturmangfold. Temadagen passa inn i skulen si læreplan, og var godt motteke av skulelevane.

Politikaropplæring

Det var arrangert ein felles workshop for politikarar i Surnadal, Sunndal og Tingvoll 20. september 2022, med tema naturmangfold. Fokus var på arealplanlegging og arealendringar som følge av utbygging. Det var nyttig å drøfte arealsaker på tvers av kommunegrensene, samt utveksle erfaringar.

Samarbeid med nabokommunar

Tingvoll og Sunndal kommune utarbeidde kommunedelplan for naturmangfold samtidig som Surnadal. Kommunane har hatt fellesmøte og gjort ein del felles arbeid, både med planprogram og felles opplegg for medverknad for politikarar og barn og unge. Det vart i tillegg laga ein felles [infovideo om naturmangfold](#).

Forholdet til andre planer

Nasjonale

Stortinget har vedteke ei stortingsmelding med ein plan for å ta vare på norsk naturmangfold:

[Natur for livet](#) – norsk handlingsplan for naturmangfold. I meldinga er det lagt føringar for norsk naturforvaltning framover, med konkrete mål om blant anna 10 prosent skogvern, at fleire kulturlandskap sikrast skjøtsel, opptrapping av restaurering av natur og ein eigen handlingsplan for sjøfuglar.

Handlingsplanen seier også at det skal utviklast mål for “god tilstand” for dei ulike økosistema i norsk natur. Når ein veit kva som definerast som god tilstand skal regjeringa utvikle verkemidlar for at økosistema skal nå denne tilstanden. Det kan vere endringar av lover, nye forskrifter, krav om nye planer, krav til korleis vi planlegg for utbygging, eller nye verneområde.

Regionale

I [Fylkesplan for bærekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024](#) er eit av utviklingsmåla å bli miljøfylke nr. 1.

Her står det nemnt fleire fylkesplanmål for miljøfylket:

- Redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 % kutt i ikkje-kvotepliktig sektor.
- Forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraft og verdiskaping, basert på en arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep.

- Ha god tilstand på 90 % av økosystema både på land og i vatn, og stoppe tap av naturtypar og artar.
- Bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminner og kulturmiljø til under 0,4 % åleg.

Fylkesplanen er også retningsgivande for kommunal planlegging.

Lokale

Kommuneplan for Surnadal 2020 - 2032 - Samfunnsdel

Kommuneplanen er det overordna og langsiktige styringsdokumentet for Surnadal kommune, og angår alle som bur og jobbar i kommunen. Samfunnssdelen viser korleis vi skal utvikle tenestene, legge til rette for samfunnsutvikling og løyse oppgåvene. Planen tek stilling til langsiktige utfordringar, fastsett mål og strategiar for kommunen og er grunnlag for sektorane sine planar og oppgåver. Det er økonomiplana som utgjer kommuneplanens handlingsdel.

Kommuneplanen sin arealdel var siste vedteke i 2017. [Dokument finn ein på heimesida til kommunen.](#)

Kommuneplanen sin arealdel legg fôringar for arealbruken og er slik viktig for naturmangfaldet. Kommuneplanen sin arealdel viser i kva område ein kan forvente arealendringar, og kvar ein ønsker å behalde naturen uberørt. Plana inneholder ei rekke ulike arealbruksformål og hensynssoner:

Friområde – *grøntstruktur:*
Samanhengande grøntdrag, grøne lunger, turvegar og område for leik og rekreasjon skal ivaretakast og ideelt styrkast. I grøntstrukturformålet ligg også naturområde – viktige naturtypar (nasjonalt viktige).

Landbruk-, natur- og friluftsområde samt reindrift (LNFR)
Omfattar areal som hovudsakleg skal brukast til landbruksproduksjon, skogbruk og reindrift og/eller som skal forbli naturområde/område som er spesielt viktig for friluftslivet. Størsteparten av Surnadal kommune er avsett til LNFR-område, det vil si ubebygde områder (skog, fjell nasjonalparkar o.l.).

Bruk og vern av sjø og vassdrag

Brukast for å planlegge både sjøareala og overgangen mellom sjø og land. Arealformålet delast inn i område for ferdsel, farleier, småbåthamn, fiske, akvakultur, drikkevatn, natur- og friluftsliv.

Hensynssone med særleg hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.

Bebygelse og anlegg og Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur seier noko om kor ein i dag og framtida kan forvente arealinngrep.

Naturmangfald


Kva er naturmangfald?

Naturmangfald er summen av mangfaldet i naturen og består av biologisk mangfald, landskapsmessig mangfald og geologisk mangfald. Det vil seie forskjellane innanfor ein art, mellom alle artane og mellom økosistema dei lever i.

Biologisk mangfald er mangfaldet av økosystem, artar og genetisk variasjon innanfor artane, og dei økologiske samanhengande mellom desse komponentane.

Landskapsmessig mangfald er mangfaldet av landskapstypar, det vil seie landskap med eigne særtrekk. Ein landskapstype er ein einsarta type landskap med fellestrekke i innhald, samansettning og form.

Geologisk mangfald er variasjonane i berggrunn, mineral, lausmassar, landformer og prosessane som skapar dei. Det geologiske mangfaldet er igjen kjelde til variasjon i biologisk mangfald, natur- og kulturlandskap. Geologisk mangfald viser oss geologiske fenomen, prosessar eller ressursar.



Kilde: Veileder Naturmangfoldloven kap II, Klima- og miljødepartementet

«Natur i Norge» (NiN) er eit type- og framstillingssystem for all variasjon i naturen. NiN handterer også naturvariasjonen på ulike skalaer gjennom dei såkalla «Naturmangfaldnivå», frå storskala landskapstypar til alle livsmedium, ned til barken på eit tre.

Kvifor er naturmangfold viktig?

Artar har ulike funksjonar, slik som å pollinere, fiksere nitrogen, spreie frø, bryte ned organisk materiale, blande jorda, ete andre artar og produsere biomasse. Kvar og ein har si rolle. Aldersvariasjon på tre, og mangfold av ulike treslag påverkar kva slags fuglar som hekkar i skogen. Om skogen blir einsarta med berre tre i same alder og treslag, som hoggast samtidig, påverkast også insektlivet, talet på soppar som også fungerer som nedbrytarar og talet på mose- og lavartar.

Om vi fjernar fjærmyggen får ikkje auren mat. Om vi fjernar frosken blir ikkje insekt regulert.

Forsking har også vist at artsmangfold gjer naturen meir robust, noko som betyr motstandskraft mot endring og raskare evne til å hente seg etter forstyrring.

Økosistema gir også naturleg forsvar mot storm og flaum, og er derfor både viktige for å motverke klimaendringar og for å verne mot verknadane av klimaendringar.

All natur har ein eigenverdi. I tillegg gir den oss livsviktige produkt som mat, klede, byggjematerialar, medisinar og brensel. Velfungerande økosystem leverer også tenester som reint vatn, rein luft, opptak av klimagassen CO₂ og pollinering av blomster, som er avgjeraende for matproduksjon.

Naturopplevelingar gir oss glede og trivsel, og mindre naturopplevelingar og mindre friluftsliv kan gi oss dårlagare helse.

Sjølv om velfungerande økosystem er heilt avgjeraende for livet på jorda, har nesten ingen av tenestene som økosistema gir oss, ein pris i kroner og øre. Viktige funksjonar i naturen kan derfor lett bli oversett når vi tek avgjersler som kan påverke naturmangfaldet.



Kommunedelplan for naturmangfald

Bekk med mange svingar reinsar vatnet frå Fv 670 før det renn ut i Søya. Myra lagrar karbondioksid og dempar flom. Skogen gir tømmer, fangar karbondioksid og dempar flom. Tre mellom Fv 670 og husa dempar støy og fjernar støv. Laksefiske i Søya gir rekreasjon og næringsinntekter for grunneigarar. Tre langs vassdrag fangar opp næringsstoff og er levestad for insekt som fell ned i vatnet og blir til mat for fisk. Jorda gir mat. Blomstrar langs kantane av jorda gir mat til pollinerande insekt når frukttre ikkje er i blomstring.

Økosystem

Eit økosystem er ein naturtype med organismar tilpassa eit bestemt naturmiljø. Det er stor avhengigheit og gjensidig påverknad mellom dei ulike organismane og mellom organismane og miljøet innan det same økosystemet. Mellom ulike økosystem er det mindre som knyter organismane saman. Eit økosystem blir dermed ein naturtype som kjenneteiknast av bestemte organismar og miljøforhold.

Eit økosystem kan vere lite – som ein pytt, større – som ein skog, eller seiast å omfatte heile biosfæren, det vil seie den del av jorda (jord, vatn, luft) der levande organismar kan eksistere.

Naturmangfaldet i Surnadal kommune

Surnadal kommune har store naturverdiar og eit variert naturmangfald. Antal påviste raudlisteartar er høgt, og for fleire artar har kommunen eit viktig forvaltningsansvar. Det same gjeld og for fleire naturtypar.

Dette kapittelet oppsummerer noko av dette naturmangfaldet. I kapittel 5 er det lenker til kart og nettsider som kan gi meir detaljert informasjon om dei ulike teamaa og områda.

Artsmangfald

I Artsdatabanken sitt artskart er det registrert meir enn 150 000 artsfunn i Surnadal kommune og artane viser stor økologisk spennvidde.

Artane på Raudlista blir kalla raudlisteartar, og er vurdert til ein av følgjande kategoriar: regionalt utdødd, kritisk trua, sterkt trua, sårbar, nær trua eller datamangel. Dei resterande artane er vurdert som livskraftig, og står ikkje på Raudlista.

Sårbare artar er artar som står i reel fare for å bli sterkt trua eller kritisk trua i relativt nær framtid.

Artar i kategorien kritisk trua, sterkt trua eller sårbar blir kalla trua artar. Desse artane har høg til ekstrem høg risiko for å døy ut frå Noreg om dei rådande forholda held fram.

Tabell 1 viser tal på artsfunn registrert i Surnadal kommune innanfor kvar kategori. Totalt er det rett i overkant av 140 000 artsfunn i Surnadal kommune per 12.05.2023 av trua arter. Kilde: www.artskart.artsdatabanken.no

Raudlistekategoriar	Tal på observasjonar	Tal på arter
---------------------	----------------------	--------------

Kommunedelplan for naturmangfald

Regionalt utdødd (RE)	1	1
Kritisk trua (CR)	1 455	11
Sterkt trua (EN)	2 199	32
Sårbar (VU)	10 278	95
Nær trua (NT)	10 152	151
Livskraftig (LC)	121 127	3 180
Sum	145 212	3 470

Verna område

Verneområde er område der styresmaktene har bestemt at naturen skal vernast mot inngrep eller forstyrring.

Verneområde på land, vassdrag og i sjø skal etter Naturmangfaldlova bidra til bevaring av:

- a) variasjonsbreidda av naturtypar og landskap,
- b) artar og genetisk mangfold,
- c) trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar,
- d) større intakte økosystem, også slik at dei kan vere tilgjengelege for enkelt friluftsliv,
- e) område med særskilte naturhistoriske verdiar,
- f) natur prega av menneskeleg bruk gjennom tidene (kulturlandskap) eller som også har kulturhistoriske verdiar, og tilrettelegging for bruk som bidrar til å oppretthalde naturverdiane,
- g) økologiske og landskapsmessige samanhengen nasjonalt og internasjonalt, eller
- h) referanseområde for å følge utviklinga i naturen.

I tillegg er dei mange verneområda der ferdsel er lov, viktige rekreasjonsområde for menneske og bidreg på den måten til trivsel, auka livskvalitet og betre helse.

Ulike reglar gjeld for dei forskjellige typane verneområde, som nasjonalparkar, landskapsvernombåde og naturreservat.

Nasjonalparkar

Ein [nasjonalpark](#) er eit større naturområde som er verna mot inngrep som i vesentleg grad kan endre naturforholda. Områda er utvald fordi dei inneheld nærest urørt, eigenarta eller særleg vakker natur. Nasjonalparkane er viktige for det biologiske mangfaldet av planter, fuglar og dyr. Dei er også ein viktig del av norsk friluftsliv.

Dei store verneområda sikrar at samspelet i naturen ikkje blir forstyrra, og dei er ein viktig del av arbeidet med å hindre at planter og dyr blir utrydda.

Det er ingen nasjonalparkar i Surnadal kommune.

Landskapsvernområde

Landskapsvernområde er natur- eller kulturlandskap med stor økologisk, kulturell eller opplevingsmessig verdi. Til landskapet reknast også kulturminne som bidreg til landskapet sin eigenart.

Bevaring av landskapsbildet og landskapsopplevelingen er ei sentral målsetting ved oppretting av landskapsvernområde. I nokre landskapsvernområde er også bestemte delar av dyre- eller plantelivet verna.

I Surnadal kommune er det eit landskapsvernområde:

- [Trollheimen landskapsvernområde](#). Dette området er totalt på omlag 1.209.100 dekar. Omlag 488.160 dekar av Trollheimen landskapsvernområde ligg i Surnadal kommune.

Naturreservat

Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova. Dette er eit område som inneholder trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemt naturtype, har ei særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst, eller har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Tabell 2. Naturreservat i Surnadal kommune pr. 12.05.2023. (Klikk på namnet for å få fram fleire opplysningar)

Offisielt namn	Verneplan	Areal i Surnadal kommune (dekar)
<u>Almbekken naturreservat</u>	Skogvern	376
<u>Brøskjahagan naturreservat</u>	Skogvern	473
<u>Brøskjalia naturreservat</u>	Verneplan for edellauvskog/rike lauvskogar	75
<u>Bøfjordholmane naturreservat</u>	Verneplan for sjøfugl	335
<u>Geitåa naturreservat</u>	Skogvern	429
<u>Grønkjølen naturreservat</u>	Verneplan for myr	327
<u>Høgmyran naturreservat</u>	Verneplan for myr	2240
<u>Kallset naturreservat</u>	Verneplan for edellauvskog/rike	1229

	lauvskogar	
<u>Prestgardselva naturreservat</u>	Verneplan for myr	4084
<u>Skjoralia naturreservat</u>	Skogvern	137
<u>Surna naturreservat</u>	Verneplan for våtmark	917
<u>Svartåmoen naturreservat</u>	Skogvern	11723
<u>Svorkalia naturreservat</u>	Verneplan for edellauvskog/rike lauvskogar	103
<u>Søysetøran naturreservat</u>	Verneplan havstrand og elveos	329
<u>Todalsøran naturreservat</u>	Verneplan havstrand og elveos	378
<u>Tågdalen naturreservat</u>	Verneplan for myr	1457
	Sum	24612

Anna vern

Mange verneområde er oppretta for å beskytte leveområda til bestemte dyreartar eller planter. Da blir arealet ofte rekna for å vera eit økologisk funksjonsområde for ein eller fleire artar.

Nokre eksempel på slike funksjonsområde er gyteområde, oppvekstområde, vandrings- og trekkruter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, spill- eller paringsområde og yngleområde. Slike verneområde blir kalla biotopvernområde.

I tidlegare lovverk vart det brukt enda fleire verneformer, som naturminne, fleire typar av biotopvern og artsfredingar. Ved eventuelle revisjonar av verneforskriftene vil dei bli vedtekne etter naturmangfaldslova og tilpassa verneformer som gjeld i dag.

I Surnadal kommune er det eit verneområde som kjem inn under "Anna vern". Det er:

- [Surna dyrelivsfredingsområde](#). Artsvern. Område utgjer omlag 7170 dekar.

Viktige naturtypar, inkludert utvalgte naturtypar

Ein naturtype er ein einsarta type natur. Den omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der. Naturtypar er sentrale for å ivareta artsmangfaldet, variasjonsbreidda og dei økologiske samanhengande i norsk natur.

Naturtypar - DN-håndbok 13:

Kommunedelplan for naturmangfald

I Surnadal kommune er det registrert 320 naturtyper (Naturtyper - DN-håndbok 13), kor 16 av desse er utvalde naturtyper og mange av desse er vurdert til å vere viktig og svært viktig. Dette viser den store variasjonen og dei store verdiane som finst i naturen i kommunen.

Tabell 4. Oversikt over tal på naturtypelokalitetar innanfor kvar verdsetting per 12.05.2023. (Klikk på talet for å få fram fleire opplysingar)

Lokalt viktig	Viktig	Svært viktig
110	135	75

Naturtyper - Miljødirektoratets instruks:

I tillegg er det registrert 315 naturtyper etter NIN-systemet (Naturtyper - Miljødirektoratets instruks) i kommunen.

Tabell 5. Oversikt over tal på naturtypelokalitetar innanfor kvar verdsetting pr 12.05.2023. (Klikk på talet for å få fram fleire opplysingar)

Veldig låg kvalitet	Låg kvalitet	Moderat kvalitet	Høg kvalitet	Veldig høg kvalitet
1	56	127	102	29

Naturtyper - DN-håndbok 19:

Det er også registrert 27 marine naturtyper (Naturtyper - DN-håndbok 19).

Tabell 6. Oversikt over tal på naturtypelokalitetar innanfor kvar verdsetting er 12.05.2023. (Klikk på talet for å få fram fleire opplysingar)

Lokal viktig	Viktig	Veldig viktig
4	20	3

Raudliste for naturtyper:

Det er også laga ei raudliste for naturtyper. Dei raudlista naturtypane er vurderte til ein av følgande kategoriar: gått tapt, kritisk trua, sterkt trua, sårbar, nær trua eller datamangel. Trua naturtyper høyrer til kategorien kritisk trua, sterkt trua eller sårbar. Det er ikkje laga ei oversikt over talet på dei ulike kategoriene for kvar kommune. [Lenke til raudlista for naturtypar finn du her.](#)

Kva trugar naturmangfaldet?

Kommunedelplan for naturmangfald

Artsdatabanken samanstiller med nokre års mellomrom "Raudlista for artar" som er ein gjennomgang over kva artar som er trua og kvifor. Raudlista vart revidert seinast i 2021 og innehold nesten 5000 trua eller nær trua artar.

Arealendringar er den største trusselen mot artar og utgjer ein større trussel enn alle andre påverknader til saman. Det er viktig å notere at det ikkje berre er direkte tap av leveområde som truar biologisk mangfald, men også at område endrar karakter. Når ein skog blir hoggen veks han opp att, men livsvilkåra er ikkje dei same.

Det er ikkje dei store utbyggingane som truar mangfaldet, men summen av alle små som over tid gir eit stort tap av leveområde. Tap av leveområde er ikkje den einaste grunnen til at arealendringar truar artar. Leveområde kan bli delt opp i mindre delar med små mogleheter for artar å bevege seg mellom dei. Da finst det ein risiko for at områda blir for små for å gi plass til livskraftige populasjonar, sjølv om det totale arealet ikkje har vorte så mykje mindre.


Den viktigaste grunnen til arealtap er at naturen blir bygd ned. Det er kommunane som bestemmer over arealbruken i Noreg. Politikar og administrasjon i Surnadal kommune har derfor ei stor moglegheit og eit stort ansvar for å bidra til å stanse tapet av biologisk mangfald.

Den nest største grunnen til arealtap er skogbruket, som påverkar naturen framfor alt gjennom hogstfelt. Kommunar i Noreg har lite makt over skogbruket på anna enn eigen grunn, det er derfor vanskelegare for oss å minske denne påverknaden. Det er framfor alt staten og skogbrukaren sjølv som har moglegheit å påverke skogbrukets innverknad på naturmangfaldet.


Forureining har vorte betre i og med mindre sur nedbør. Det er til stor del utslepp av næring frå for eksempel landbruk og avløp som kjem inn under denne kategorien. Når algar og plantar veks meir, blir det endra livsvilkår for andre organismar. Vatn kan bli heilt tildekt av planter og algar. I verste fall kan bakteriar som bryt ned organisk material forbruke alt oksygen. Botnen kan då bli uleveleg for dyr.

Eit varmare klima medfører at artar må flytte nordover og opp i høgda. Tempoet dei må forflytte seg kan vere for høgt for å overleve, spesielt på grunn av at inngrep og natur der dei ikkje overlever bremsar forflyttinga. Klimaendringar har i dag litau betydning i forhold til korleis det kan bli i framtida når klimaendringane tek fart.

Det tek ofte nokre titals til nokre hundre år frå at dødsstøytet mot ein art blir utdelt til at den trekk sin siste pust. Sjølv om vi sluttar å auke den negative påverkinga på naturen, må vi derfor forvente at artar går tapt. På kort sikt kan ein art overleve med nokre få individ. På lengre sikt trengs ein større populasjon for at dei skal stå mot innavl, uvanlege værhendingar, sjukdom og naturlege endringar i



Tal på arter som er trua av ulike påverknader. Kilde: Artsdatabanken



Fordeling av kva arealendringar som truar naturmangfaldet. Kilde: Artsdatabanken.

naturen. At artar ennå ikkje er forsvunne, sjølv om dei i eit lenger perspektiv ikkje kan overleve, blir kalla for utsynningssjeld.

Kva trugar naturmangfaldet i Surnadal?

Ein stor del av kommunen sitt areal er verneområde. Likevel blir naturen utsett for mykje av det same presset hos oss som i andre kommunar. Verneområda er til stor del på fjellet, men det er i skogen og kulturlandskapet vi finn flest trua artar ([Artsdatabanken](#)).

I Surnadal, som andre stader, har naturen blitt bygd ned. For eksempel var stranda i Surna-deltaet nesten intakt på 1960-talet og store strandenger breidde seg ut på land. I seinare tid har området etter område vorte bruk til industri og meir intensivt landbruk. Kvar nedbygging kan ha sett liten ut når den skulle behandlast i kommunestyret, men meir enn eit halvt sekel seinare har summen vorte stor.

Politikarane i Surnadal har ikkje forvalta elvedeltaene därlegare enn andre kommunepolitikarar, trenden er den same over heile Noreg. Det gir færre områder der dyr kan søke mat og finne skjul, med mindre bestandar som følgje. I Surnadal er det elvedeltaa som er det tydelegaste eksempelet på nedbygging, men utviklinga er lik for fleire naturtypar.

Mykje landbruk og spreidd busettnad med både heilårsboligar og hytter, gir stor risiko for at mykje næring kjem ut i vassdrag og gir store problem. Surnadal har få vatn, mykje nedbør og god utskifting i fjordar. Utskiljing av forureining skjer derfor raskt og blandast i havet. Slik sett har vi gode naturlege føresetnader for å unngå for mykje næringsstoff. Likevel kan framfor alt nedre delen av dei større vassdraga, ha problem.

Framande artar er eit stort problem i kommunen, særleg i form av planter. Det er utført kartlegging og gjort ein innsats for å fjerne uønska artar, men dei kjem raskt tilbake om dette ikkje gjerast grundig og på store områder.





Kunnskapsgrunnlaget

Eksisterande kunnskap om naturmangfaldet

Artar som blir funne ved kartlegging av natur blir lagt inn i Artskart, Naturbase og Sensitive artsdata. Dei to førstnemnde databasar er offentleg tilgjengelege, medan sistnemnde er skjerma frå offentlegheita for å unngå faunakriminalitet og forstyrringar frå skodelystne personar. Også privatpersonar kan legge inn observasjonar i databasane.

Nokre artar har vi god kunnskap om. Vipebestanden har gått kraftig ned, den er lett å oppdage og engasjerte ornitologar følgjer med på dei få lokalitetane vi har i regionen. Artar som er vanskelege å finne og få kjenner att, har vi mindre kunnskap om. Nokon må vere i området for at artar skal bli oppdaga, derfor er kunnskapen låg i området med lite ferdsel. Ved eit ukritisk søk i databasane kan det derfor sjå ut som at det er størst mangfold av arter like utanfor byar.

Område der det blir planlagt større inngrep er ofte godt kartlagt på grunn av at tiltakshavar er pliktig til å undersøke området. Der det er lite aktuelt med større inngrep er kunnskapen dårlig, og den einaste informasjonen vi har er den som allmenta har lagt inn i databasar. Vi må rekne med at mørketalet er stort. Når det blir planlagt mindre inngrep blir det ikkje stilt krav om at ein samlar inn ny kunnskap. Da er risikoen stor for at det finns naturverdiar ein burde teke omsyn til.

Naturen er i stadig forandring, artar som bruker eit område i dag kan bruke noko anna om nokre titals år. Det er derfor nødvendig å oppdatere kunnskapen med jamne mellomrom.

Kva treng vi ny kunnskap om?

Ny kunnskap trengs i dei fleste større utbyggingssaker, noko det også blir stilt krav om. Undersøkingane blir finansiert av tiltakshavar og funn blir lagt inn i databasar, så kunnskapen kan brukast seinare. I mindre saker er det ikkje rimeleg å krevje meir kunnskap enn det ein finn gjennom eit søk i databasar. Mange små tiltak gir ein stor samla effekt. Kva er for eksempel effekten av dei mange hundre skuterløyva som har vorte tildele i kommunen? Kva er effekten av vegbygging fram til eldre hytter?

Kravet om kunnskap er større no enn tidlegare. I kommuneplanen sin arealdel finst utbyggingsområde som har vorte vedtekne etter gamle krav om kunnskap, men som enno ikkje er utbygde. Det er også avgrensa med kunnskap når ein tek ein første vurdering av utbyggingsområde når kommuneplanen sin arealdel blir rullert. Når mange område skal kartleggast samtidig blir det ofte mindre tid i felt i kvart område.

Fokuset når ein tek fram informasjon om naturmangfald ligg gjerne på trua artar. Korleis eit tiltak påverkar bestanden av artar er eit tema det blir brukt mindre tid på.

Det er meir ressurskrevjande å kartlegge under vassflata. Det er dessutan få som ser kva som finst der og kan registrere observasjonar. Dette gjer at kunnskapen om mangfaldet i vatnet er dårlig. På grunn av at laksefiske er ein populær aktivitet, er statistikk på bestandsstorleikar av laks eit unntak.

Mål, strategi og tiltak

Ta vare på trua og sårbare artar og naturtypar

Status og kommunens handlingsrom

Store delar av kommunen ligg over tregrensa der det er få interesser som kjem i konflikt med naturmangfaldet. Den største bruken er knytt til beitenæring, kraftverk og friluftsliv. Under tregrensa begynner hyttene å breie seg ut. Hyttene tek ikkje berre opp plass i terrenget, men gir auka ferdsel som forstyrrar dyr.

Lenger ned, i dalsidene, finn ein den produktive skogen. Hogstfelt, skogsbilvegar og grøfting medfører tap av leveområde for mange artar. I dalbotnen tek jordbruk og infrastruktur store areal, det er få område i låglandet som ikkje er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Samtidig som jordbruksbruket brukar store areal, er mange artar avhengige av jordbruk som gjennomførast på riktig måte for å overleve.

I Surnadal kommune har vi fire større vassdrag. Tre av desse er påverka av vasskraftsreguleringar som både gir unaturleg vassføring og temperatur.

Det er lokalpolitikarane som har makt over arealbruken, som utgjer den største påverknaden på det biologiske mangfaldet. Det betyr at vi har stort handlingsrom for å styre arealbruken på ein måte som ikkje øydelegg livsvilkåra for trua artar.

Landbruksbruket, med skogbruk og jordbruk, har vi mindre makt over. Kva som er lov og ikkje lov å gjere innan landbruksbruket er i stor grad bestemt nasjonalt. Kommunen har dessutan små økonomiske midlar til å motivere grunneigarar til å ta meir miljøvennlege val. Vi har likevel moglegheit å påverke også her, for

eksempel ved å ikkje godkjenne skogsvegar i viktige biotopar og prioritere miljøtiltak ved tildeling frå landbruksfondet.

Tiltak for å ta vare på trua og sårbare artar og naturtypar

Strategi	Tiltak
Restaurere naturområde	<p>Kartlegge kommunen for aktuelle naturområde for restaurering. Myr, elvedelta, elveavgrensingar, våtmarksrestaurering.</p> <p>Søke om midlar til å restaurere eit område pr. år.</p> <p>Synleggjere moglegheiter for grunneigarar og interesseorganisasjonar til å få midlar til å plante tre i kantsona langs vassdrag.</p> <p>Etablere ein «Restaureringspark» for å vise fram restaurering.</p>
Betre kunnskapen om naturverdiar i område med skogbruk.	Oppfordre skogeigarane til å gjennomføre nye MiS-registreringar (miljøregistreringer i skog).
Auke kunnskapen om støtteordningar for å spare nøkkelbiotopar i skogbruket.	Bruke nettsida og andre informasjonskanalar for å informere skogeigarane om støtteordningar for ikkje å hogge i nøkkelbiotopar.
Stanse nedbygging av natur.	<p>Utarbeide arealrekneskap - vurdere arealnøytralitet i kommuneplan og reguleringsplan.</p> <p>Vurdere å tilbakeføre ubebygde område til naturområde når kommuneplanens arealdel blir revidert.</p>
Auke kunnskapen om økosystemtenester blant politikarane.	Synleggjere økosystemtenester i naturtypar som forsvinn eller blir restaurert i alle saksframlegg som har følgjer for natur.

Sikre god vasskvalitet og økologisk tilstand i elver, bekker, vatn og fjordar

Status og kommunens handlingsrom

I samsvar med vassforskrifta skal alt vatn i Noreg delast inn i vassførekommstar. I kvar vassførekommst skal ein undersøke tilstanden, og med få unntak skal ein arbeide for at alle når opp til god eller svært god økologisk tilstand. Ansvaret for å oppnå dette er fordelt mellom mange ulike myndigheter, blant anna kommune, NVE, Statsforvaltaren og Statens Vegvesen.

I Surnadal kommune har vi 156 vassførekromster, kor 108 når opp til krava. Dei vanlegaste tiltaka som er foreslått er å redusere avrenning av næringssalt, fjerne vandringshinder, forbetra eller etablere avløpsanlegg og betre vassføringsregime frå kraftverk.

Surnadal kommune har ansvar for 59 % av dei tiltaka som er foreslått. I tillegg kan vi påverke i mange saker der andre har ansvar.

Forureiningslova deler opp ansvaret med å følgje opp utslepp mellom ulike styresmakter. Kommunen er forureiningsstyremakt på mindre utslepp, som for eksempel avløpshaldig avløpsvatn og spreidde avløp. Der kommunen er forureiningsstyremakt har kommunen større moglegheit å stille strengare vilkår enn ved utslepp frå større fabrikkar der andre er forureiningsstyremakt.



Foto: Staffan Sandberg

Tiltak for å sikre god vasskvalitet og økologisk tilstand i elver, bekker, vatn og fjordar

Strategi	Tiltak
Restaurere vassdrag	Kartlegge og prioritere vassdrag som burde restaurerast. Vurdere årleg om kommunen skal søke om tilskot for å restaurere vassdrag.
Spreidde avløp	Gi pålegg til spreidde avløp som har registrerte manglar.
Vann-nett.no	Gjennomføre tiltak som ligg inne i Vann-nett.no, som kommunen har ansvar for.
Dialog	Ha god dialog med aktørar som skal utføre byggetiltak, for å sikre betre økologisk tilstand i vassførekromstar.

Ivareta kulturlandskap med rikt naturmangfold

Status og kommunens handlingsrom



Slåttemark på Austistua Mogstad Foto: Dordi Kjersti Mogstad

Kulturlandskap er landskap som heilt eller delvis har vorte forma frå den opprinnelige naturtilstanden på grunn av folk si verksemد. Dette omfattar utnytta fjell og beite, til der det er tett busetnad eller anna massiv endring av landskapet.

I Surnadal kommune har vi mange forskjellige kulturlandskap, frå fjord til fjell. Dei mest artsrike kulturlandskapa er [beitemarker](#), slåttemarker, skogshagar eller andre naturtypar som er danna gjennom husdyrhald.

29 prosent, 685 artar av dei trua artane i norsk natur, er knytt til kulturlandskapet.

Omtrent halvparten av engartane har få eller ingen andre leveområde enn i kulturlandskapet og i dei menneskeskapte naturengene (slåtte- og beitemarker). Om desse areala gror att, byggast ned eller leggast om til meir intensiv drift (med pløyning og gjødsling) vil det rike artsmangfaldet forsvinne. Mange insekt er utvikla til å leve i samspele med beitemarksplantene og beitmarkssoppa veks berre på gamal kulturmark.

Riktig skjøtsel som beiting, slått og piling (styving) er nødvendig for å ta vare på artssamansetninga i dei ulike kulturmarkene som har vorte til som produkt av ei spesiell driftsform.

Tiltak for å ivareta kulturlandskap med rikt naturmangfald

Strategi	Tiltak

Kommunedelplan for naturmangfold

Nytte tilskotsordningar til å styrke kulturlandskap med rikt naturmangfold	Fornye retningslinjer i landbruksfondet og Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) Informere om Miljødirektoratet sine ordningar, SMIL, Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP) på Facebook, e-post etc.
Restaurere og betre skjøtsel av kulturmark i vår kommune	Kartlegge kommunen for dei ulike typane kulturmark og deretter spele inn aktuelle område til statsforvaltarens miljøavdeling, som kan få pengar til kartlegging og skjøtselsplanar. Informere grunneigarar/gardbrukarar om kor viktig og trua dei ulike kulturmarktypane er. Kva tiltak som må til for restaurering, kva skjøtsel som må til for å bevare desse og kva tilskot som finst for å gjera denne jobben. Halde hjortebestanden i sjakk for å hindre ringbarking av alm Få fokus på lokale kulturmarkstypar og verdien av den i media, markdagar og anna info (FB og e-post). Gjerne i samarbeid med andre kommunar og andre aktørar som for eksempel NLR Nordvest.
Nyetablering av slåttemark	Kartlegge communal grunn der ein kan ha og etablere nye slåtteenger med lokalt såfrø der det er muleg.
Bidra til aktiv landbruksdrift	Informasjon til alle innbyggjarar (spesielt til politikarar og landbruksnæringa sjølv) om kor viktig landbruksnæringa, i tillegg til matproduksjon, er for å ta vare på naturmangfaldet ved beitebruk og gamle skjøtselsmåtar for hausting av fôr. God informasjon til gardbrukarar/grunneigarar om tilskotsordningane i landbruket og andre tilskotsordningar

Ta vare på naturtypar som er særleg viktig for karbonbinding og kan redusere negativ effekt av klimaendringar

Status og kommunens handlingsrom

Det er fleire naturtypar som er spesielt viktige for karbonbinding, og som spelar ei stor rolle i å redusere karbonutslepp og bidreg til å bremse klimaendringane. Nokre av desse naturtypane er:

Skog: Skog er kjent for å vere av dei mest effektive karbonbindande økosistema på jorda. Gjennom fotosyntesen tek tre opp karbondioksid frå atmosfæren og bind karbonet i form av organisk materiale i stammen, i greiner og i røter. I tillegg skjer det karbonbinding i jordsmonnet.

Myrer og våtmarker: Myrer og våtmarker er også viktige karbonbindande økosystem. Desse områda inneheld store mengder organisk materiale som blir bevart i jorda, og som kan lagre store mengder karbon over lang tid.

Ope lågland/grassletter: Ope lågland som f. eks grassletter kan også vere viktige karbonbindande område. Dette skuldastat gras og andre planter i desse områda kan binde store mengder karbon i jordsmonnet.

Det er verdt å merke seg at økosystem som er i god tilstand og som ikkje har blitt øydelagt, er dei mest effektive karbonbindande områda. Derfor er det viktig å beskytte og bevare slike område, samt å gjenopprette øydelagte økosystem, for å bidra til å redusere karbonutslepp og bremse klimaendringane.

Status:


Oversikt over lagring av karbon i norske økosystem:
(Ref. NINA temahefte 76-2020 Karbonlagring i norske økosystemer)




Grøfta myr gir nytt areal til grantre, men også store utslepp av klimagassar. Foto: Staffan Sandberg

Karbon i norske økosystemer

Figurene viser grove beregninger av karbon lagret i norske økosystemer basert på tall i denne rapporten.



Figur 1. Totalt karbon lagret i norske økosystemer.



Figur 2. Karbon i norske økosystemer i Gg C per km².

Kommunen sitt handlingsrom:

Kommunen får ulike søknader om tiltak til behandling, og har derfor eit handlingsrom kva for tiltak som blir godkjent.

Tiltak for å ta vare på naturtypar som er særleg viktig for karbonbinding og kan redusere negativ effekt av klimaendringar

Strategi	Tiltak

Restaurere myr	Kartlegge og prioritere myrområde som bør restaurerast. Vurdere årleg om kommunen skal søke om tilskot til å restaurere myr.
Unngå arealinngrep i våtmark	Unngå nydyrkning og bygging på myr.
